



Bergen Kontaktsenter
Landsvik 50
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1308 - 17/23475

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
01.12.2017

Pålegg - GBNR 51/5 - Krav om tilknytning til kommunalt VA-anlegg - Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 324/2017

Saksutgreiing:

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vass- og avlaupsanlegg, datert 12.5.2017, med frist for tilbakemelding innan fredag 26. mai 2017. Kommunen har ikkje motteke tilbakemelding frå deg, og handsamer saka på bakgrunn av dette.

Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal knytast til ei offentleg vassleidning «*når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal.*» Det same gjeld for offentleg avlaupsleidning, jf. pbl § 27-2.

Kommunestyret sitt prinsippvedtak datert 23.1.2008 inneber at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkopling.

På bakgrunn av det ovannemnde, og fordi eigedomen din ligg nærare den kommunale hovudleidninga enn 200m, vil du bli pålagt tilkopling til det kommunale anlegget.

Ein ansvarleg røyrleggjar må søkje til kommunen om tilkoplinga, og frist for tilkopling er **1.6.2018**.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev gbnr. 51/5 pålegg om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget anlegget, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. Tilkopling må skje innan 1.6.2018. For grunngeving og vurdering sjå ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bergen Kontaktsenter

Landsvik 50

5917

ROSSLAND